



## Direktoratet for mineralforvaltning

med Bergmesteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 23.03.2017  
Vår ref: 17/00210-4  
Deres ref:

## Høyring av søknad om driftskonsesjon for Nesbø Hellegneissone i Granvin herad. Tiltakshavar: Granvin Maskinstasjon AS

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** +47 73 90 46 00

**E-POST** mail@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter § 43 i lov om erverv og utvinning av mineralressurser (minerallova) frå Granvin Maskinstasjon, datert 31. januar 2017.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på DMFs heimeside: <http://www.dirmin.no/> under "Saker til høyring". Høyringsinstansane kan få tilsendt papirutgåve av søknaden ved førespurnad.

Høyringsfristen er **fredag 28. april 2017**.

### Søknaden

Søknaden omhandlar uttak av masser på gårds- og bruksnummer 91/1, 92/1,2, 93/1, 3, 13 og 123/19. Uttaket omhandlar ein skifrig hellegneis som har flere bruksområder som for eksempel pukk og grus.

Størrelsen på det arealet som søkes om er 122 daa. Anslått totalvolum er 700 000 m<sup>3</sup> masse, mens forventa årleg uttak er 35 000 m<sup>3</sup> masse.

### DMFs behandling av søknaden

Formålet med minerallova er å fremme og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om berekraftig utvikling.

DMF er konsesjonsstyremakt i saker med samla uttak av mineralførekommstar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alle uttak av naturstein.

DMF sender søknadene, inkludert driftsplanar, på høyring til aktuelle høyringsinstansar jf. forvaltningslova § 17. Dette vil normalt vere grunneigaren og andre kjende rettshavarar, eigarar, drivarar og bebuarar og andre kjende rettshavarar på naboeigedommar som kan bli påverka, i tillegg til kommunen (kommunane), fylkeskommunen og statlege forvaltningsorgan.

Søkjaren får høve til å kommentere innkomne høyringsfråsegner før DMF gjer vedtak.



Innkomne konsesjonssøknader blir underlagde ei skjønnsmessig prøving hos DMF før vi avgjer om vi skal gi driftskonsesjon. Ved vurderinga av om vi skal gi driftskonsesjon, legg vi vekt på om søkeren er «skikka» til å utvinne førekomsten, det vil seie om prosjektet verkar gjennomførleg økonomisk, om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. Ved vurderinga av om vi skal gi driftskonsesjon, skal vi også legge vekt på:

- kva innverknad tiltaket vil ha på verdiskaping og næringsutvikling
- kva innverknad tiltaket eventuelt vil ha på naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- kva innverknad tiltaket vil ha på omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva konsekvensar ei utvinning vil ha for miljøet
- kva for planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

Dersom DMF gir driftskonsesjon, er det normalt knyttt vilkår til denne, jf. minerallova 43. Vilkåra omfattar blant anna krav om driftsplan, økonomisk garanti osv.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gitt i medhald av minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgiving. Det er søkeren som har ansvaret for å innhente slike løyve.

#### **Nærmore om høyningsfråsegneh**

Vi oppfordrar høyningsinstansane til å komme med grunngitte synspunkt på om DMF bør gi konsesjon eller ikkje, under dette komme med konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår som bør stillast med tanke på det ansvarsområdet den aktuelle instansen er sett til å forvalte. Frå private partar ber vi også om innspel dei reknar som relevante ut frå konkrete forhold i den aktuelle saka. Dersom høyningsinstansen er kjend med forhold som ikkje er tilstrekkeleg klarlagde i søknaden, ønskjer vi opplysningar om det.

Generelle kommentarar knytte til arealbruk i området skal ikkje vurderast ved ein søknad om driftskonsesjon. Dette er sikra gjennom plan- og bygningslova. Synspunkt knytte til kommunens allereie vedtekne arealdisponering (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan) vil vi derfor ikkje legge særleg vekt på ved vurderinga.

Vi ber kommunen spesielt informere oss snarast mogleg om det finst særleg påverka partar som ikkje står på adresselista.

#### **Innsending av høyningsfråsegner**

Vi ber om at høyningsfråsegna blir send innan fristen **fredag 28. april 2017**, på e-post til **mail@dirmin.no** eller ordinær post til: **Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim.**

Delar av høyningsfråsegner kan bli siterte i vedtaket om å gi konsesjon eller ikkje. Dersom fråsegna er omfattande, er det derfor ein fordel om det blir utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.



For nærmere informasjon om mineralloven med tilhørende forskrifter, se hjemmesiden vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Vennlig hilsen

Ingeborg Solberg  
seniorrådgiver

Thomas Furunes  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.  
Saksbehandler: Thomas Furunes*

Mottakere:

Granvin kommune	Postboks 13	5733 GRANVIN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020 BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301 OSLO
Per Gunnar Erga	Skjervsvegen 401	5736 GRANVIN
Kjetil Seim	Spildavegen 46	5736 GRANVIN
David Spildo	Spildavegen 66	5736 GRANVIN
Jon Spildo Prestegard	Spildavegen 50	5736 GRANVIN
Olga Nesbø Prestegard	Spildavegen 50	5736 GRANVIN
Eli Øydvin	Spildavegen 61	5736 GRANVIN
Hans Øydvin	Spildavegen 61	5736 GRANVIN
Anneberit Myking	Spildavegen 55	5736 GRANVIN
Harald Solberg	Spildavegen 55	5736 GRANVIN
Einar Spildo	Spildavegen 9	5736 GRANVIN
Harald Midttvedt Kløve	Spildavegen 39	5736 GRANVIN
Sveinung Såkvitne	Såkvitnavegen 90	5736 GRANVIN
Ragnhild Windsrygg	Såkvitnavegen 90	5736 GRANVIN
Leif Arne Nesbø	Såkvitnavegen 11	5736 GRANVIN
Nils Helge Nesbø	Grevlesvegen 22	5710 SKULESTADMO
Nils Haugen	Såkvitnavegen 52	5736 GRANVIN
Inga Winjum Rørlien	Såkvitnavegen 5	5736 GRANVIN
Bjørn Ingmar Haugen	Såkvitnavegen 7	5736 GRANVIN

Kopi til: